



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

([postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no))

**Att : Rådmann Jarle Landås**

Deres ref.: 18/226

Vår ref.: 1219

Bergen, 5. desember 2019

**GBNR 84/29 HAUKELAND SØNDRE I RADØY KOMMUNE.  
ATKOMST.**

Eg vil med dette på vegne av eigar av gbnr 84/29, Christopher Krokli, meddela følgjande :

**1. BAKGRUNN OG FAKTISK GRUNNLAG**

Christopher Krokli kjøpte ovennevnte hytteeigedom i 2017.

Med på kjøpet fulgte tinglyst privatrettsleg vegrett fram til hytta.

Etter overtaking av hytteeigedommen blei det imidlertid klart at vegstubben inn til hytta ikkje var offentlegrettsleg godkjent av Radøy kommune.

Christopher er dermed vegeigar til ein veg som ikkje er offentlig godkjent. Og sidan den ligg i uregulert LNF-område, lyt vegen fjernast og terrenget tilbakeførast så godt det let seg gjera.

---

Vegrett | Veirett

Ekspropriasjon • Innpåkøpsvederlag • Fordeling av vegvedlikehold • Rekkefølgekrav • Utbyggingsavtale  
Masteroppgave 2014 om hvordan få vegrett til privat veg, og hvordan fordele årlig vegvedlikehold  
Vegutforming • Gateutforming • Veg- Og Trafikkteknikk • Arbeidsvarsling • Byggesak

Autorisert rettshjelper av Tilsynsrådet for advokatvirksomhet  
Medlem av Norges Juristforbund | Bestått Advokatkurset  
Autorisert eiendomsmegler av Finanstilsynet  
Lovregulert taushetsplikt

**“Fremme Rett – Hindre Urett”**

Conrad Mohrs veg 23B  
Postboks 6168  
5892 BERGEN

Stiftet 1990 (Ingeniørdelen)  
[www.halldor.no](http://www.halldor.no)  
Side 1 av 3

Telefon : 905 32 319  
SMS : 905 32 319  
halldor@halldor.no

Christopher har som kjent søkt dispensasjon frå arealføremålet LNF i arealdelen av kommuneplanen, jf saknr 024/2018 og saknr 047/2018.

Men som kjent blei både dispensasjons-søknad og etterfølgende klage begge avslått av Radøy kommune, og Fylkesmannen fann heller ikkje grunn til å sette til sides kommunen sitt vedtak av 02.05.2018, saknr 024/2018. Side | 2

- - -

I ettertid har imidlertid selgar sitt forsikringsselskap, **Protector Forsikring**, teke kontakt med grunneigar av gbnr 84/7, Stian Haukeland, for å få hans signatur på søknad til Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy om bygging av landbruksvei klasse 4.

Slik søknad vart utarbeidd av **Bergen Takstsenter AS**, signert av Stian Haukeland den 03.04.2019, og deretter sendt inn.

Bakgrunnen for dette var at Landbrukskontoret skal ha tilrådd at dersom grunneigar gbnr 84/7, Stian Haukeland, sendte inn slik søknad om bygging av landbruksvei klasse 4, så kunne denne landbruksvegen samtidig gje atkomst til Christopher sin hytteeigedom dersom den blei godkjent.

Tiltaket vart så godkjent av landbrukskontoret den 18.07.2019, jf saknr 19/746 – 19/7942. Det er imidlertid uklart kva vegklasse som er godkjent.

Ein slik klasse 4-veg vil elles kun gje atkomst i sumarhalvåret, som følge av krav til vegstandard og underbygning.

## **2. OPPSUMMERING**

Med dette som bakteppe og faktisk grunnlag, slik Christopher ser det, er det lett å skjønna at Christopher føler seg lettare forvirra.

Avslutningsvis blir difor det store spørsmålet til Radøy kommune sin administrasjon :

**Vil Radøy kommune offentlegrettsleg godkjenne/ikkje godkjenne den om lag 90 meter lange eksisterande atkomstvegen/vegstubben inn til hytta til Christopher som heilårsveg ?**

- - -

Det hadde vore fint med snarleg svar !

Med venleg helsing  
JURIST | RETTSHJELPER | INGENIØR HALLDOR HAVSGÅRD

Side | 3



Halldor Havsgård  
jurist 2014 | eiendomsmegler 2018 | ingeniør 1981

**Kopi til :**

- Christopher Krokli.

**Vedlegg :**

- Ingen.

*Dokumentet som sendes pr e-post er elektronisk godkjent og har derfor inga underskrift.*